

Referat frå årsmøte i Rogaland Sau og Geit på Quality Hotell Residence, Sandnes 27. og 28. februar 2009.

Møteleiar Sigmund Skjæveland, Bjerkreim.

Sandnes Sau og Geit stod for årsmøtet og hadde 60 års jubileumsfest om kvelden den 27. februar. Leiar i Sandnes Sau og Geit Olav Furenes ønskte velkommen og gav ordet til ordførar i Sandnes.

Ordførar i Sandnes **Norunn Østråt Koksvik.**

Velkommen til Sandnes. Sandnes er den 8. største byen i Noreg. Det er ein kommune i stadig vekst. Har 63.431 innbyggjarar. Ein vekst på 2 % det siste året. 30 % av befolkninga er under 18 år. Sandnes er nest største landbruks-kommune i Rogaland. 1. januar 2009 hadde Sandnes 176 bruk med tilsaman ca 11.000 vinterføra sauer. I 2008 var Sandnes kommune Europeisk kultur-hovudstad i lag med Stavanger kommune og Rogaland Fylkeskommune. Det er viktig å satsa på kultur. Vi har miljøplanar og skal utvikla ein sunn kommune. Vi skal satsa på å utvikla sentrum. Det blir i Sandnes by bygd ein ny vidaregåande skule. Den skal ha undervisning i musikk, drama og formgjevingsfag. Her skal bli plass til 900 elevar. I 2010 har Sandnes 150 års jubileum. Norunn sa at det burde vore lettare å få tak i geitekjøt enn det er i dag.

Ordføraren fekk overrekt ein blomst og RSG si T-skjorte av leiar Ole Jonny Espevold.

Nestleiar i NSG, Magnhild Nymo helsa årsmøtet frå styret og overrekte Ole Jonny Espevold ein blomst.

Innkalling og saksliste blei godkjent.

Opprop av styremedlem i RSG Arnhild Skjørestad.

7 lokale Sau og Geit lag hadde ikkje utsendingar til årsmøtet.

Oskar Sverre Løtoft og Anne Cath Grimstad blei valt til å skriva under møteboka.

Leiar i Rogaland Sau og Geit Ole Jonny Espevold.

Han sa først nokre minneord om Halvard Bakken som døde 29. des. 2008.

Halvard Bakken var ein heidersperson. Han har gjort mykje godt for saue-næringa både gjennom Tysvær Sau og Geit, Rogaland Sau og Geit og Norsk Sau og Geit. Halvard var godt kjent i heile landet. Han fekk til mange ting, mellom anna med pelssau og pelsskinn. Halvard vart heidra med 1 min stillheit.

2008 har vore eit godt år som sauebonde. Styret har hatt eit travelt år. Fotråde og rovdyr har tatt mykje tid. Det er no 1944 medlemmer i RSG. Ein oppgang på 24 medlemmer.

Egil Østerhus og Eirik Skretting har verva flest medlemmer.

Økonomien i laget har vore god.

RSG har spona gjetarhundlaget, VM i saueklypping og stormøte om sau i Ølen.

RSG fekk til lisensjakt på jerv. Vi fekk med nesten alle grunneigarane i Sauda og Suldal. 190 lam er tatt av jerv. Ole Jonny takka Øyvind Bergøy for arbeidet han hadde lagt ned for å få bukt med rovdyra.

Det er viktig å melda inn til SNO om sette dyr og spor.

Fotråde: Dette kom fort. Bjørn Høyland, Hilde Elin Østerhus, lokallaga og sauebøndene i Rogaland har her gjort eit godt arbeid for å få kartlagt fotråde på sau.

Heimekåring.

Dette var eit rett vedtak, som førte til ekstra kostnader for RSG.

Tilbakemelding om jordbruksforhandlingane til Fylkeslaget innan 11. mars. RSG ønskjer innspel om jordbruksforhandlingane frå lokallaga.

Sekretær i RSG, Hilde Elin Østerhus er gravid og er for tida sjukemeld. Vi står i dag utan sekretær.

Fjelldagane går i år til Voss.

Kompetansebevis.

RSG har skipa til kurs for unge bønder i Hjelmeland. Det var 72 deltakarar på kurset og det stod 50 personar på venteliste. Ein del foredragshaldarar undervurderer deltakarane.

Ola Jordebrekk: John Egil Østerhus var beste vervar til NSG i landet. Han fekk innbyding til årsmøtet for seint.

Halvard Veen. Det var midt i blinken at det på årsmøtet blei etterlyst kjekjøt. Under festmiddagen i kveld skal de serverast kjekjøt.

RSG bør ha eit ungdomsutval.

Sigmund Skjæveland: Øyvind Bergøy skal skriva noko om jordbruks-forhandlingane. Årsmøtedeltakarane kan koma med kommentarar til Øyvind.

Nils T. Bjørke, nestleiar i Noregs Bondelag.

Takka for at han fekk lov til å koma til årsmøtet i RSG. Nils er bonde på Voss. Han driv med mjølkeproduksjon, litt sau og har hest.

Vi har mange små bruk under 50 vinterføra sauer i Noreg, men det minkar på tal bruk. Kulturlandskap og ein del bygder lir under at det blir færre gardsbruk som har sau. Sluttar ein med sau er det vanskeleg å starta opp att. Vi har i dag underskot av norskproduserte lam. Det har vore dårleg økonomi i sauehaldet, men dei 2 siste åra har det vore ein god utvikling når det gjeld økonomien i sauehaldet. Av 350 mill kr i budsjettmidlar i 2008, gjekk 150 mill kr til sauehaldet. Det blei auka distriktstilskot og auka arealtilskot. Det bør og vera rom for å auka prisen på lam endå meir enn i dag, men det må ikkje bli for store forskjellar i pris på dei forskjellige dyreslag. Frå 2006 til 2009 auka arbeidsvederlag med kr 84.400,- på 129 vinterføra sauer. Det er ein utfordring at ca 70 % av inntektene i sauehaldet kjem frå tilskot.

Nortura og dei frittstående slakteria har problem med økonomien.

Rovdyr: Nils trudde ikkje Rogaland skulle ha problem med rovdyr. Det burde vore lov til å rydda ut rovdyr i Rogaland som ikkje skulle vera der.

Beitebruk og organisering: Vi har utfordringar med sankelag og beiting. Det blir no gjort forsøk med elektroniske øyremerke og radiobjøllar. Ein kan med dette finna ut kor dyra oppheld seg og om nokon av dyra har dauda.

Fotråte og Blå Tunge.

Fotråte har fått løyvd midlar frå omsetningsrådet. Dette har ført til diskusjonar mellom sauebønder.

2 besetningar er blitt smitta av Blå Tunge i Vest-Agder. Det blir no tatt tank-mjølkeprøvar og seinare skal det takast blodprøvar av ammekubesetningar og sauebesetningar i Vest-Agder. Blå Tunge blir overført med sviknott eller sæd. Faren er flytting av dyr og at storfe ikkje viser symptom på smitte. Kva vil vaksining kosta? Mattilsynet har i situasjonen med Blå Tunge gjort eit greitt arbeid.

Marknadsordningane og WTO.

Den store målprisaukinga dei seinare år har gjort at Noreg har større "gul støtte" enn vi har lov til etter WTO-avtalen frå 1995. Skal prisane på kjøt og egg kunne behaldast og aukast må marknadsordninga leggjast om. Ei arbeidsgruppe blei nedsett i samband med jordbruksoppgjøret 2008. I dagens marknadsordning har vi målpris. Forslag til ny løysing er "volummodell". Den store forskjellen blir marknadsregulering. I dag er det ikkje volumbegrensing på sesonglagring, men med "volummodellen" vil det bli rom for eit gitt årleg volum til lagring. Dette vil kunne føra til meir svingingar i pris.

Nils meinte det var viktig å ha Nortura som marknadsregulator. I framtida er det svært viktig å ha eit sterkt samvirke. Marknadsordningane blir ei sak i jordbruks-forhandlingane 2009. Vi må ha politisk goodwill for å få dette til.

Nils meinte vi må opptre som samla landbruk i heile landet. Vi må samarbeida med 4H og bygdeungdomslag. Er vi stolte over det vi driv med?

Det må gjevast tilskot til fraktkostnader på slakt, så det kan hentast slakt frå heile landet. Sauen er ein kulturlandskapspleiar. Den hentar før der ingen andre tamme dyr går på beite. Eg trur sauen har ei god framtid.

Gustav Frøyland: Er Bondelaget opptatt av å bevare den strukturen vi har på gardsbruka i dag? Svaret var at vi må ha dei minste sauebruka med oss, men det er og bra å få lønsame store sauebruk.

Guttorm Gudmestad: Samdrift på sau. 3 sauebønder som vil leggja ned kvar for seg bør få kunna gå i samdrift på sau og tilskotsordningane må bli lagt til rette for dette. Svar frå Nils var at det var vanskeleg å få til nye tilskotsordningar til samdrift på sau. Kontrollfunksjonane kan bli vanskelege. Han gav råd til å kjempa for økonomien i vanleg sauehald.

Guttorm kommenterte at Nils T. Bjørke ikkje var positiv til samarbeidsløysingar på sau.

Trygve Høines var skuffa over at ein stadig må kontrollera samarbeidformer i sauehaldet.

Nils T. Bjørke fekk takk for innlegget og overrekkte video om driftesmalen.

Bjørn Høyland, leiar for Landsrådet for saueavl i NSG

Snu sauen, om fotråte og reglar for heiesending.

Fotråte kom brått på. Vi har hatt ei bratt læringskurve. Bjørn Høyland og Hilde Elin Østerhus har stått for prosjektet snu sauen. Bjørn gav skryt til leiarane av lokallaga og sauebøndene som verkeleg har stått på med å få kartleggja kor det er fotråte. Det står no i februar att og snu nokre flokkar i Rogaland. Det er vanskeleg å sei kva som er rett å utføra når det gjeld fotråte. Nokon tar lett på fotråtesmitten, andre tar det alvorleg. **Vi må ta fotråte alvorleg!**

Bjørn viste bilete av ein del klauver som var angrepne av fotråte. Det er forskjellige bakteriar som kan føra til fotråte. Bakterien tåler ikkje luft. Enkelte saueflokkar kan bli angrepe fort og hardt. Lamma kan byrja å gå på knea.

Fotråte startar mellom klauvene. Eit symptom kan vera at sauene er raude i klauspaltane og mister hår. Blir etter kvart sår og luktar stygt. Sauer kan vera kronikarar, som ikkje viser symptom på skade, men som har fotråtesmitten. Ca 6 veker før heisending skal alle saueflokkar som har påvist fotråtesmitte bli sjekka att. Det er 350 bandlagde sauebesetningar i Rogaland og ein stor andel av desse skal på fellesbeite. Det må søkjast om dispensasjon for å få desse saueflokkane på fellesbeite. Saueflokken vil då bli gradert etter smittegrad og eventuelt få godkjenning til å bli sleppt på fellesbeite med andre saueflokkar. Ved 3 sningar på 1 år og ingen symptom på fotråte vil restriksjonar bli oppheva. Sauebøndene må vera obs på fotråtesmitte ved livdyrkjøp, vereringar, felles kåring av lam og felles sanking av småfe. Ein må passa på ved besøk av dyrlegar, klypparar og andre personar at dei brukar eingongs plastsko eller anna smittevern. Bjørn tippa at 70 % av storfebesetningane har fotråtesmitte. Ein vil ikkje ta omsyn til fotråte-smitten på storfe. Storfe har ein mild fotråtebakterie.

Prosjekt friske føter.

Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom næringa, Norsk Sau og Geit, Noregs Bondelag, Bonde og Småbrukarlaget, Nortura, KLF, Animalia og Mattilsynet.

Målet er å bekjempa sjukdommen fotråte hjå sau og geit i Noreg. Planen er å kartleggja utvalte flokkar i heile landet og alle flokkar i enkelte område. Vi vil stoppa massesanering av fotråte. Det er mykje vi ikkje veit om sanering. Vi må gjera næringa mindre sårbar for smittespreiing.

På Rennesøy kan mykje av skylda for fotråte skuldast klima og føring av grovfôr ute i føringshekkar. Vi må prøva å bekjempa den alvorlege (hissige) typen fotråtebakterie.

Vi vil ha 2-delt kompensasjon. Ein startpakke til innkjøp av fotbad. Vi må prøva å få dekka utgiftene til sanering. I Buskerud vil dei bruka formalin i fotvasken mot fotråte. Dette er eit stoff som er allergi og kreftframkallande, men enklare i bruk.

Knut R. Thunheim: Må alle fotbada før dyra skal på fellesbeite? Det er ikkje funne fotråte på sau i Lund. Svaret frå Bjørn var at det er sauebesetningar som er positive på fotråte som skal fotbadast før sending til fellesbeite.

Trygve E. Ravndal: Eg har vore skeptisk til sanering. Snudde 250 sau i eigen besetning. Ein sau var positiv. I ein annan sauebesetning tok dei prøvar av 5 sauer. Ein sau var her positiv. Eg er skuffa over at myndighetene ikkje vil betala kostnaden med å sanera mot fotråte. Kva skal eg gjera? Eg har den sauen som var positiv. Svaret frå Bjørn var at storfe fører til fotråtebakterie på sau. Vi må prøva å stoppa spreining av dette. Vi må i besetningar som er smitta av fotråte-bakterien ha 3 snuingar pr år for å sjå om dei er kvitt smitten.

Ola Jordebrekk: Dyrlegen har sagt at vi ikkje skal sanera om vinteren. Svaret frå Bjørn var at det er forskjell på sanering og fotbading. Sanering er no stoppa. Vi har 9 forskjellige bakteritypar som kan føra til ulik grad av fotråte.

Gustav Frøyland: Blir det registrert kva bakterietype som er i dei positive prøvane? Her var svaret frå Bjørn nei.

Kjell Åge Torsen: Kan vi ikkje få til ein vaksinering mot fotråte? Ein slik vaksine vil ta 5 bakterietypar. Bjørn sa at ein ikkje får mattilsynet med på vaksinering mot fotråte.

Årsmeldinga 2008, gjennomgang av styremedlem Torstein Pettersen.

Kommentarar:

Gustav Frøyland: Det bør stå i årsmeldinga kva tid, program og kor årsmøte skal vera.

Jan Helge Havsvø: Vi må få til betre profilering av Rogaland Sau og Geit. Egersund Sau og Geit har fått mykje nytt utstyr til profilering.

Ola Jordebrekk: Går det ann å få ut årsmeldingane tidlegare på året? Svaret var at dette kunne bli vanskeleg på grunn av revidering av rekneskapen til RSG.

Rekneskap 2008 av kasserar Leif Matnisdal.

Rekneskapen blei einstemmig godkjent.

Innkomne saker.

Time Sau og Geit ved Geir Nilsen sa at lokallaga slit økonomisk. Lokallaga får i dag for lite av medlemspengane og fleire lag driv i minus. Håpar at utsendingane kan ta dette med til Landsmøte i Norsk Sau og Geit.

Trygve E. Ravndal frå Gjesdal Sau og Geit.

Ullinnsamling til Nortura.

Vi har hatt ein ordning med 2 transportørar som har kjørt ulla til Egersund. No skal ulla til Forus.

Gjesdal Sau og Geit vil koma med forslag om at ulla blir meldt inn gjennom innmelding av slakt på slakteria. Nortura vil då sitja med oversikt over kva stad og kor mykje ull det er rundt om i distrikta og henta ulla ved behov og transportkapasitet.

Knut R. Thunheim. Ullinnsamlinga fungerer ikkje godt nok i dag. Ivar Kvinlaug, som ikkje driv med sau sjølv, burde ikkje sitja i styret for Norilia.

Jan Helge Havsvø: I Egersund ved Nortura står det ein container som det kan leverast ull i. Det er ein avtale om ullinnsamling mellom NSG, Nortura og KLF.

Trygve E. Ravndal: Lokallaga har ikkje fått uttala seg om avtalen.

Harald Sleveland: Vi har hatt møte med Norilia om ullinnsamling på Forus og fekk ha ullinnsamlinga i container ved Nortura i Eigersund.

Handlingsplan 2009.

Det skal vera 7 utsendingar til landsmøte i NSG 2009.

Handlingsplanen blei einstemmig godkjent.

Nestleiar i NSG Magnhild Nymo.

Magnhild kjem frå Senja i Troms. Utanom å driva gard er ho fagarbeidar på Senja videregående skule.

31.12.08 hadde NSG eit medlemstal på 12206, ein nedgang på 2,1 %. 4 fylke har hatt auke i medlemstalet, mellom anna Rogaland med 24 medlemmer. Jon Egil Østerhus er i 2008 beste vervar i landet med 25 nye medlemmer. Eirik Skretting har verva 10 medlemmer.

Rovdyrsituasjonen.

NSG har ikkje godt samarbeid med Miljødepartementet. Erstatningsordninga har vore ei fast løyving og ein fast sats. Tal erstatta dyr har gått ned. 50 millionar til skadeførebyggjande tiltak har ikkje svart til forventningane.

Anne Cath Grimstad er tilsett som informasjonsrådgjevar i NSG. Ho skal serve heile lagsapparatet.

Jordbruksforhandlingane 2009.

NSG skal ha møte med Noregs Bondelag og Noregs Bonde og Småbrukarlag 11. mars 2009. Det er stort behov for investeringsmidlar i landbruket og då spesielt til driftbygningar. Utmarkstilskotet pr dyr må opp og det må bevilgast meir pengar til avløyising. Det må og bevilgast pengar til regionalt miljøprogram.

Det må bli lagt til rette for nyetablering av geit. Vi har i dag att ca 400 geitemjølkleverandørar i Noreg. I dag må kje vera 5 kg slaktevekt for å få slaktetilskot. Vi må sjå på husdyrt tillegg for mjølkegeit. Vi må få tilført midlar til prosjekt friskare geiter.

Kurs: NSG har ikkje lengre direkte tilskotsrett frå BSF.

Vi har ei politivedtekt som seier at det er forbode å ha hest, storfe, sau og geit til å gå laus på eller ved offentleg stad utan forsvarleg tilsyn.

Geitedagane skal vera på Beitostølen 21. til 23. august 2009.

Det er 13 geiteprodusentar i Rogaland med tilsaman ca 1000 mjølkegeiter. Alle besetningane er med i geitekontrollen.

Nils Bjørke: Midlar gjennom regionalt miljøprogram vil bli trekt bort frå beitetilskot. Endring av vektgrense på kje for å få slaktetilskot vil koma.

Trygve E. Ravndal: Det må bevilgast meir pengar til utmarksbeite og midlar til investering. Vi må og kunna få gunstige avskrivingsreglar.

Øyvind Bergøy: Vi må sjå på det at nye brukarar ikkje får tilskot det første året dei driv gard.

Halvard Veen: På årsmøte i Bjerkreim tok dei opp at ein bør flytta teljingsdatoen for sau.

Kjell Åge Torsen: Det er i dag for tungvindt å melda seg inn som medlem på nettet. Går for lang tid før ein blir registert som medlem.

Halvard Veen: Kwart lag bør få tilsendt ei ajourført medlemsliste.

Ivar Kyllingstad: Det er viktig å få med ungdommane. Han takka RSG for at dei har sponsa 4 H og matskulen.

Geir Nilsen: NSG bør ha ansvar for internettsidene til lokallaga. Lokallaga sender då stoff til NSG som legg det ut på sidene til lokallaga.

Jan Helge Havsvø: Eg er veldig godt nøgd med NSG sentralt. Dei marknadsfører sauen på ein god måte.

Magnhild Nymo viste bilete frå Senja.

Ho fekk film om driftesmalen og T-skjorte frå RSG.

Anne Cath Grimstad viste kart over sonar i samband med sjukdommen Blå Tunge. Lokalleiarane blei oppfordra til å koma med tal dyr som blir sendt ut av området på heibeite.

Utdelingar under festmiddagen på fredag kveld av RSG.

Beste bukk i Rogaland frå Tordis og Sigbjørn Efteland.

Denne bukken er og den beste i landet. Brake er fødd i 2005 og har nr 301. Den har ein O indeks på 134.

Beste ver frå Rogaland frå Anne, Oddvar og Egil Slettebø.

Veren heiter Topp-Ruggen og har nr 200740129. Den har heile 151 i O-indeks og alle delindeksane er positive.

Desse fekk æresdiplom for sin innsats for småfehaldet og lagsarbeid:

Peder Ravndal, Gjesdal Sau og Geit.

Olaug Vikingstad, Karmøy Sau og Geit.

Torstein Tunheim, Time Sau og Geit.

Ove A. Myklebust, Nortura.

Årsmøte i Rogaland Sau og Geit laurdag den 28. februar 2009.

Det blei telt opp 56 stemmeberettiga.

Det blei gitt beskjed om at ingen måtte forlate salen før etter valet.

Leiar av valnemnda i RSG, Arne Frøystad leia valet.

Innstilling frå valnemnda:

- **Leiar for eitt år:** Ole Jonny Espevold frå Tysvær. Ingen andre forslag frå salen. Valt skriftleg med 55 stemmer + ei blank.
- **Styremedlem for 2 år:** Arnhild Skjørestad frå Sandnes. Ingen forslag frå salen. Valt skriftleg med 55 stemmer, ei blank.
- **Styremedlem for 2 år:** Alf Torstein Pettersen frå Dalane. Ingen andre forslag frå salen. Valt med 55 stemmer, ei blank.
- **Nestleiar:** Øyvind Bergøy, Hjelmeland blei valt for 1 år.
- **1. vara til styret:** Per Johan Lyse, Nedstrand blei valt for 1 år.
- **2. vara til styret:** Nils Petter Aarrestad, Undheim blei valt for 1 år.
- **3. vara til styret:** Peder Ravndal, Gjesdal blei valt for 1 år.

Valt revisor for 2 år:

Egil Svela, Bjerkreim med Brigte Åge Høyland som vara.

Møteleiar 2010.

Sigmund Skjæveland, Bjerkreim blei valt.

Godtgjersle til tillitsvalde.

Valnemnda hadde gått inn for å auka godtgjersle til leiar, nestleiar, kasserar og andre tillitsvalde frå dag ein. Sigmund orienterte om desse satsane. Tor Olav Gya foreslo at godtgjersle 2009 blei lik 2008. Årsmøtet gjekk inn for med 41 stemmer å ha same godtgjersle i 2009 som i 2008. 5 stemte for valnemnda sitt forslag.

Styret fekk i oppdrag å sjå på kva det vil kosta RSG og endra satsane slik valnemnda foreslo.

Ny valnemnd.

Valde på årsmøtet i 2008:

Sør-Jæren: Sonja Skårland Time med Siri Haugland Time som vara.

Nord-Jæren: Guttorm Gudmestad, Rennesøy med Rolf Røynlid, Sandnes som vara.

Ryfylke: Trond Vignes, Finnøy med Tor Egil Årtun som vara.

Valde på årsmøte i 2009.

Nord Rogaland: Hallgeir Rønnevik, Vikedal og Imsland med Jan Byrkja, Skjold som vara.

Dalane: Ola Audun Svela, Bjerkreim med Knut R. Thunheim, Lund som vara.

Utsendingar til Landsmøte.

Utsending

Ole Jonny Espevold, styret i RSG

Øyvind Bergøy, styret i RSG

Leif Matnisdal, styret i RSG

Personleg vara.

Hallgeir Rønnevik, Imsland/Vikedal

Ola Jordebrenk, Suldal.

Nils Petter Aarrestad, Time.

Arnhild Skjørestad, styret i RSG	Peder Ravndal, Gjesdal.
Alf Torstein Pettersen, styret i RSG	Knut R. Thunheim, Lund.
Per Johan Lyse, 1. vara til styret i RSG	Trygve Høines, Karmøy.
Sigmund Skjæveland, Bjerkreim	Guttorm Gudmestad, Rennesøy.

Ove Myklebust frå Nortura om klypping av småfe på slaktelinja.

Det vil frå hausten 2009 bli innført linjeklypp på småfe på Nortura sitt slakteri på Sandeid. Dette vil føra til betre arbeidstillingar for dei som klypper dyra og mindre stress for dyra som då blir klypt etter avlaving. Klypping av småfe på slaktelina vil føra til sparte kostnader på ca 70 øre pr kg småfeslakt. Nortura vil framleis vera med på å skipa til kurs for saueklypparar. Dette for at klyppinga ute på bygdene skal kunna utførast på ein god måte.

Kommentar frå årsmøtet gjekk på at dei var redde for at det no ville bli mindre interesse for saueklypping blant dei profesjonelle klypparane.

Fjell lam.

Nortura har tatt med fjell lam/utmarkslam i sin langsiktige plan. Det blir sett på krav til fjell lam og omsetning av desse lamma. Skal dei slaktast direkte frå fjellbeite eller kan det godkjennast at dei går heime i nokre dagar? Kva meirpris vil marknaden betala for fjell lam? Her må det bli langtidsinnmelding av slakt og meirprisen pr kg kan bli 3 til 4 kr. Vi må rekna med at det vil gå ein 3 års periode for å få dette til å fungera bra.

Øyvind Bergøy meinte at 3 år var alt for lang tid for å få til avsetjing av fjell lam. Dette må ordnast før 2011. 4 kr i meirpris er alt for lågt. Det blir utbetalt 12 kr ekstra for Kvitsøylam. Dette blei av Ove Myklebust retta til 10 kr pr kg ekstra til sauebonden for Kvitsøylam.

Berit Pettersen frå Fatland slakterier meinte at fjell lam var ein god ide og ønskte at RSG skal jobba vidare med fjell lam. Ho bad RSG snakka med Norgesgruppen om kriterier og pris.

Trygve Høines: Nye marknadsordningar og pris. Korleis vil dette virka inn?

Svaret var at ein må rekna med høgare pris i byrjinga av sesongen.

Øyvind Bergøy: Avtaleprisen (målprisen) er god i ha i diskusjonen med daglegvare-handelen. NSG må øve påtrykk på aktørane i daglegvaren.

Fjell lam blir stort i forhold til Kvitsøylam, Hallingskarve, Lofotenlam mm.

Ove Myklebust sa at det må betre planlegging til enn sist det blei marknadsført heialam.

Tor Olav Gya: Vi treng ikkje stressa tidspunktet for fjell lam. Prisen på desse lamma må kunne takast ut utan at det går på bekostning av prisen på anna slakt. Har Nortura problem med å ta ut kvalitetstillegga i butikkane?

Svaret var at Nortura ikkje har tatt ut meirprisen for stjernelam i butikkane, men denne meirprisen skal no inn i engrosprisen.

Øyvind Begøy: Ikkje kall andre lam for B-lam. Med fjell lam kan ein ikkje plukkslakte. Det er marknad for fjell lam.

Andre kommentarar for årsmøte.

Bør kunna ta ut høg pris på alt lammeslakt av god kvalitet og ikkje bruka pengar og ressursar på lam som har gått på ulike område. Det vil bli større svingingar i pris på lam utan målpris. Vi med lam i fjellet

treng ekstra pris for å dekke kostnadane. Det må kunna gå an å ta ut ekstra pris for den gode kvaliteten på lamma som kjem i frå fjellet.

Mattilsynet ved Arvid Reiersen om sjukdommen Blå tunge.

Det er blitt påvist smitte av Blå tunge i 3 storfebesetningar i Vest-Agder og 2 i Aust-Agder. Blå tunge er ein virussjukdom som blir smitta frå dyr til dyr via ein sviknott.

Storfe kan bli smitta utan å visa synlege teikn på sjukdommen, men får småfe denne smitten kan rundt 30 % av sauene daude av dette.

Det blei i august 2006 funne alvorlege utbrot i Nederland, Belgia og Tyskland.

I 2007 har blå tunge spreidd seg til Sverige og Danmark.

Knotten kan overvintra i Noreg. Den må minst ha 10 grader for å kunna fungera, den kan i ein del område bli aktiv ut i april.

Blir drektige storfe smitta kan kalvane ha smitten i seg etter fødsel og vil kunna føra til at andre storfe blir smitta via sviknott.

Risiko for smitte.

Import av levande dyr.

Smitte knott kjem med folk som har vore i utlandet.

Sviknotten kjem med vind frå utlandet.

Smittespreiing frå dei storfebesetningane som er blitt smitta i Agder.

Det skal takast blodprøvar av alle ammekyrbesetningar og sauebesetningar i begge Agderfylka for å finna ut om fleire besetningar er blitt smitta av blå tunge.

Det vil bli laga ei sperresone for dyr i samband med Blå tunge.

Marit Ladegård Manhenke frå Mattilsynet.

Hold dyreholdjournalen i orden. Det er viktig å kunne spora opp dyr. Set inn førebyggjande tiltak. Bør desinfisere sprøytespiss for kvar vaksinasjon.

Kjell A. Helland: Blir det framleis lov til å flytta hundar frå forskjellige distrikt?

Svaret var at restriksjonar var på drøvtyggarar.

Tor Olav Gya: Kor stor er faren for å få Blå tunge spreia med ville hjortedyr?

Svaret var at ein håpar ikkje dei ville hjortedyra vil spreia Blå tunge smitte.

Trine Bjørnerås, rådgjevar på geit hjå Norsk Sau og Geit.

Nytt frå geitenæringa;

Geiteavlen skal omorganiserast.

Fagforum for geit vil bli lagt ned.

Avlsutvalet på geit blei lagt ned frå 1. januar 2009.

Tine skal ta seg av kåringsarbeidet med geit.

Kåring av bukkar skal tilbys til alle som er med i geitekontrollen.

Minstekrav til mors jurpoeng skal vera 6.

Avkomsgransking.

Det minkar på ringane. I 2008 blei det utbetalt tilskot til 65 bukkar.

Semin.

Dette går tungt. Ikkje alle brukar prøvebukkdosane.

Alternativ blir å granska i ein flokk. Her må det vera 5 semindøtre frå same årgang.

Vi må få til fleire lokale eigarinseminasjonskurs. Må vi gå ned på avlskvaliteten for å halda opp breidda i geiteavlen? Det skal vera møte om avl på geit rundt påsketider i Rogaland.

Halvard Veen: Kvaliteten og smaken på geitemjølka er blitt mykje betre dei seinare åra.

Ole Jonny Espevold om jordbruksavtalen.

Årsmøtet har gitt tilbakemeldingar på forslag til krav i jordbruksavtalen. Ingen lokale lag hadde merknader på forslaget til krav til jordbruksavtalen som Rogaland Sau og Geit hadde laga.

Tor Olav Gya. Teljingsdato for å få husdyrtilskot burde vore endra til 1. august.

Ole Jonny Espevold viste fram ei T-skjorte med logoen til Rogaland Sau og Geit med slagordet. ”*Sau og Geit, det besta eg veit.*” Det var Jan Helge Havsø frå Eigersund Sau og Geit som hadde kome med forslaget til slagord..

Ole Jonny Espevold takka Sigmund Skjæveland for god møteleiing med blomster. Han takka og utsendingane for eit godt årsmøte og ønskte vel heim.

Referent; Ove A. Myklebust

Sigmund Skjæveland

Anne C. Grimstad

Oskar Sverre Løtoft

møteleiar

Sør-Jæren

Sokndal og Heskestad

[Tilbake](#)